


LINDÅS KOMMUNE  
Kvernhusmyrane 41  
5914 ISDALSTØDato: 26.11.2019  
Vår ref.: 2019/19339-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - Stusdal - gnr. 216, bnr. 1 - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 18.11.2019 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med den omsøkte vegen, men det er registrert ein rekkje SEFRAK- bygg i området (uteløer og naust) vi føreset at desse ikkje vert råka av tiltaket.



Figur 1. SEFRAK registrerte bygg vist med raud trekant

Vi har elles ingen avgjerande merknader i saka. utover at ein under opparbeiding av feltet også søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Vi gjer også merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*